Kontrollutvalet har i 2013 hatt 4 møter fordelt på to møter første halvår og to møter andre halvår. Møta i kontrollutvalet er opne i tråd med kontrollutvalet sitt reglement og lovendring frå 01.07.13.

Utvalet har hatt 22 saker til handsaming, kor 7 saker blei sendt til kommunestyret. 32 saker har blitt lagt fram til orientering. Oversyn over sakene og orienteringssakene følgjer som vedlegg.

Øyvind Haraldseid deltok på kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund på Gardermoen i februar. Det var ingen frå utvalet som deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn på Gardermoen i juni eller på konferansen til Forum for kontroll i Rogaland i Sandnes i november.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føreseigner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet handsama kommunen sin årsrekneskap for 2012 i møte den 15.05.13 og gav sin uttale til årsrekneskapen. Utvalet gav slik uttale:

Vindafford kommune sin årsrekneskap for 2012 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på kr 3,8 mill.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 33,6 mill. kr, og at delar av dette er nytta til avsettingar.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2012 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.12.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Vindafford kommune sin årsrekneskap for 2012.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i årsoppgjersbrevet er følgd opp.

Utvalet handsama på møte 02.10.13 tilsvaret frå administrasjonen på merknadane i årsoppgjersbrevet. Utvalet sa seg i samråd med revisor nøgd med svara dei fekk.

Årsmelding frå skatteoppkrevaren og skatterekneskapen for 2012 har vore lagt fram for utvalet til orientering.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og endeleg vedtak blei gjort av kommunestyret i oktober 2012.

Utvalet har dette året ikkje handsama nokon forvaltningsrevisjonsrapport.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og vedteken av kommunestyret i 2012.

Utvalet har handsama tre rapportar etter selskapskontrollar i 2013.

Den fyste var etter kontroll av Interkommunal Arkiv Rogaland IKS som blei handsama på møte den 20.02.13. Rapporten var laga av Rogaland Revisjon IKS og dei kom med tilrådingar både til selskapet og eigarkommunane. Tilrådingane til kommunen gjaldt i stor grad opplæringa av eigarrepresentantane og habilitetsvurdering av valkomiteen.

Rapporten fekk si oppfølging på møte i utvalet den 13.11.13. IKA ved daglig leiar hadde i ein e-post gjort greie for at dei i stor grad har etterkomme revisjonen sine tilrådingar. Kommunestyret handsama oppfølginga på møte i desember.

Den andre kontrollen var i samarbeid med Etne kommune og gjaldt Øyane ASVO. Kontrollen blei utført av KPMG og rapporten blei handsama på møte 15.05.13. Revisjonen gjorde ein del funn og gav fleire tilrådingar. Kommunestyret handsama rapporten på møte 10.06.13 og fylgde kontrollutvalet sine tilrådingar. Frist for tilbakemelding til utvalet om oppfølging blei sett til 31.12.13. Utvalet vil handsama oppfølging av rapporten på fyste møte i 2014.

Den tredje rapporten handsama utvalet på møte den 15.05.13 og var ein Eigarskapskontroll, og blei laga av KPMG. Revisor kom med ei rekke tilrådingar der desse tre var hovudpunkta:

- *I større grad markere og leggje til rette for ei differensiert tilnærming til eigarskapsutøvinga*
- *Bli tydelegare på val av selskapsform og kva konsekvensar det har for eigarstyring*
- *Etablere enkle opplæringsrutinar for nyvalde styremedlemer*

Kommunestyret handsama rapporten på møte 10.06.13 og fylgde kontrollutvalet sine tilrådingar. Frist for oppfølging blei sett til 01.07.14.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret vedtok å inngå avtale med KPMG som revisor frå 2012. Avtalen gjeld til 30.06.15 med opsjon for kommunen til å forlengja med 1 år. Oppdragsansvarlig rekneskapsrevisor er Roald Stakland med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter. Det har vore ein eller fleire revisorar til stades på alle møta. Dei har mellom anna presentert prosjektplanar, rapportar og plan for rekneskapsrevisjon.

Kontrollutvalet har handsama revisor si egenerklæring, samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker. Utvalet har mellom anna blitt orientert om skatterekneskap, budsjettframlegg, KOSTRA-tall og kommunebarometeret i løpet av året.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2013:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2013	BUDSJETT 2013
Godtgjersle og driftsutgifter	52 968	97 000
Revisjonstenester	339 568	400 000
Sekretariatstenester	158 000	158 000
Sum utgifter (eks.mva.)	550 536	655 000

Kontrollutvalet handsama hausten 2013 framlegg til totalbudsjett for internt tilsyn og kontroll for 2014. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariats-tenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 670 000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2013, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Fast utvalssekretær har vore Odd Gunnar Høie

Sekretariatet har i løpet av 2013 oppgradert sine heimesider. Nå blir mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar lagt ut på heimesidene fortløpande, www.kontrollutvalgene.no

Frå Vindafjord kommune er Per Fatland vald til representantskapet i IKS'et, med Arnfinn Øverland som varamedlem. Fatland var til stades på representantskapsmøtet 07.05.13.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2013 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram tre rapportar, administrasjonen og ordførar har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Ølen, 19. februar 2014

Øyvind Haraldseid
Leiar

Anders Haugland

Margrete Veim

Nils Terje Oma

Björg Borgemyr

VEDLEGG

OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/13 Godkjenning av protokoll frå møte 21.11.12**
- 02/13 Referatsaker 20.02.13**
- 03/13 Årsmelding for kontrollutvalet 2012**
- 04/13 Rapport selskapskontroll – Interkommunalt Arkiv IKS (IKA)**
- 05/13 Utkast til prosjektmandat – Eigarskapskontroll av Vindafjord kommune**

- 06/13 Godkjenning av protokoll frå møte 20.02.13**
- 07/13 Referatsaker 15.05.13**
- 08/13 Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2012 - kontrollutvalet sin uttale**
- 09/13 Rapport selskapskontroll – Øyane ASVO**
- 10/13 Rapport eigarskapskontroll – Vindafjord kommune**

- 11/13 Godkjenning av protokoll frå møte 15.05.13**
- 12/13 Referatsaker 02.10.13**
- 13/13 Oppfølging av årsoppgjersbrev for rekneskapsåret 2012**
- 14/13 Revisor si eigenerklæring 2013**
- 15/13 Plan for rekneskapsrevisjon 2013**
- 16/13 Budsjett for kontroll og tilsyn 2014**
- 17/13 Møteplan 2014**

- 18/13 Godkjenning av protokoll frå møte 02.10.13**
- 19/13 Referatsaker 13.11.13**
- 20/13 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt**
- 21/13 Oppfølging av selskapskontroll – Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS**
- 22/13 Orientering om budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017**

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	13.11.13	20/13
Kontrollutvalet	19.02.14	04/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	217	

VAL/BESTILLING AV FORVALTNINGREVISJONSPROSJEKT

Vedlegg: prosjektplan for «Samordning av tenester» frå KPMG

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør på dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å bestille eller starte opp no.

Saksorientering:

Nytt prosjekt for forvaltningsrevisjon kan bestillast med bakgrunn i vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon. Ny plan for perioden 2012-2015 blei vedteken av kontrollutvalet hausten 2012. Følgjande prosjekt er dei prioriterte prosjekta i planen:

1. Samordning av tenester
2. Barnevern
3. Saksbehandlingsrutiner
4. Rekruttering og "turn over"

- Sjølkost
- Vedlikehald av kommunale bygg
- Internkontroll

Dei fire fyrste områda står i prioritert rekkefølge.

Det vil vere opp til utvalet å velja kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no. Utvalet er delegert mynde til å fråvika planen dersom det vert naudsynt. Kva som er vesentleg kan ha endra seg noko sidan planen vart laga.

Utvalet hadde same sak til handsaming på møte den 13.11.13, sak 20/13. Forvaltningsrevisor var til stades på møtet og orienterte om dei prosjekta som var prioritert i planen og dermed mest aktuelle å starte opp no.

Utvalet gjorde følgjande vedtak på møte 13.11.13:

Vindafjord kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Samordning av tenester" innan midten av desember. Leiar får mynde til å godkjenne endeleg prosjektplan.

Utvalsleiar og sekretariatet fekk tilsendt ferdig prosjektplan frå KPMG den 15.12.13. Prosjektplanen er vedlagt saka.

Utvalsleiar bestemde, etter å ha rådført seg med andre i kommunen og sekretariatet, at han ikkje ville godkjenna prosjektplanen slik den låg føre. Leiar var av den oppfatning at prosjektet blei for snevert, at problemstillingane var for lite omfattande sett i lys av kostnadene ved prosjektet.

Det vil være opp til utvalet på møtet om ein likevel ynskjer å starte opp prosjektet «Samordning av tenester» eller vil velje eit anna. Dersom ein vel eit anna prosjekt vil revisor kunne leggje fram ny prosjektplan på neste møte.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:Alternativ 1


Vindafjord kontrollutval ber KPMG utarbeide ein prosjektplan om følgjande prosjekt «xxxx» til neste møte i utvalet.

eller

Alternativ 2

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport frå KPMG om «Samordning av tenester» i følgje prosjektplan av 15.12.13 og innanfor ei ramme på 220 timar.

Aksdal, 12.02.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



cutting through complexity™


Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 16.12.13
Journalført: 096/1392/13
Arkivkode: 216

Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt

”Samordning av tenester”

Vindafjord kommune

15. desember 2013



Innhold

1	Innleiing	1
1.1	Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt	1
1.2	Bakgrunn	1
1.3	Førebuingar	1
2	Føremål, problemstillingar og kriteria	3
2.1	Føremål og avgrensingar	3
2.2	Problemstillingar	3
2.3	Revisjonskriteria	4
3	Tilnærming	5
3.1	Metode	5
3.2	Aktivitets- og framdriftsplan	5
4	Utførande revisorar	7
5	Honorar	8

1 Innleiing

1.1 Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt

Kontrollutvalet i Vindafjord kommune har i møte 13.11.2013 valt å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt om "Samordning av tenester". I møtet fekk i tillegg kontrollutvalsleiaren mynde til å godkjenne prosjektplanen utanom fastsatt møtetidspunkt. KPMG kan dermed raskt setje i gong med forvaltningsrevisjonen.

1.2 Bakgrunn

Tenestearsjaffingar er eit prioritert tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015, som vart vedteke i kommunestyret 3.10.2012. I den overordna analysen til planen står det at oppfølging og tilbod til personar med omfattande og samansette behov er ei av utfordringane til helse- og omsorgssektoren. Det vart nemnt i årsmeldinga til kommunen, samt som eit forbettringsområde i ei spørjeundersøking som var sendt ut til alle leiarar i kommunen.

1.3 Førebuingar

Det er eit mål å etablere ein god prosjektplan, som oppstiller relevante og vesentlege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen med utgangspunkt i kommunen sin Plan for forvaltningsrevisjon. Samarbeid og dialog med kontrollutval og kommuneadministrasjonen i førebuingssfasen er viktig, dette for å sikre at det vert tatt utgangspunkt i relevante og vesentlege problemstillingar.

I planleggingsfasen har det vore prosess med kontrollutvalet (møte 13.11.2013) der ramme, føringar og moglege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen er drøfta. KPMG vart i møte beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, og eventuelle avgrensingar og ressursbruk.

Som ledd i førebuingane av prosjektet har KPMG i tillegg gjennomført fylgjande aktivitetar i planleggingsfasen:

- Samtale med kommunalsjef i for helse- og omsorgstenester i Vindafjord kommune. Føremålet har vore å få innspel og synspunkt på organisering, utfordringar og praksis knytt til samordning av tenester.
- Samla inn og gjennomgått dokumentasjon frå kommunen. Det er hovudsakleg tale om dokumentasjon knytt til rutinar og planverk om koordinering og samordning av tenester.

1.3.1 Om samordninga av tenester i Vindafjord kommune

Under er ei kortfatta og overordna skildring av samordning av tenester i Vindafjord kommune. Skildringa gir ikkje eit uttømmende bilete av kommunen sitt arbeid på dette området og skildringa er ikkje verifisert av kommunen. Skildringa gir soleis eit førebels bilete.

I den planlagde forvaltningsrevisjonen har kontrollutvalet vald å fokusere på korleis kommunen jobbar med samordning av tenester til eldre. Samordning er naudsynt når personar i kommunen har behov for å motta to eller fleire helse- eller omsorgstenester. Det kan eksempelvis vere ein rusavhengig person som blir pleietrengande, eller viss ein eldre person med ei somatisk lidning blir deprimerd.

Vindafjord kommune har to omsorgssenter i kommunen, høvesvis Vindafjordtunet og Ølen omsorgssenter. Helse- og omsorgstenestene er delvis spesialisert, som til dømes at Vindafjordtunet

driv demensomsorga for heile kommunen. Dersom helsesituasjonen tilseier det, blir det vurdert om det er aktuelt å flytte brukarar frå eit senter til eit anna.

I arbeidet med denne prosjektplanen blei det nemnt at kommunen har utfordringar knytt til koordinering av (eldre) brukarar med samansette behov. Det same går fram av årsmeldinga til kommunen for 2012, der ein av utfordringane innanfor helse- og sosialomsorg er *oppfylging og tilbod til personar med omfattande og samansette behov*.

Det er ofte fleire faggrupper involvert i slike saker og det kan vere utfordrande å bedømme kor og korleis ein brukar skal blir gjeven helse- og/ eller omsorgstenester frå kommunen som er til det beste for vedkommande.

Kommunen har ei koordinerande eininga som jobbar med å tilpasse tenestene. Eininga består av einingsleiarane for høvesvis helse og psykiatri, funksjonshemma, NAV og Ølen omsorgssenter. Ein av desse fungerer til ei kvar tid som leiar av gruppa. Mandatet til koordineringsgruppa er å :

- gjere vedtak om IP (individuell plan)
- tildele koordinator etter å ha vore i kontakt med brukar og etter samråd med aktuell koordinator og leiaren hans/ hennar
- sjå til at det vert gjennomført felles kompetansetiltak innan området
- drøfta og eventuelt gjere tiltak innan generelle tema for området
- ved behov formidla informasjon og kontakt til rett instans i kommunen eller spesialisthelsetenesta
- sørgje for opplæring og rettleiing

Eininga har rutinar som dei jobbar etter, men disse er utdaterte. I budsjettforslaget for 2014 står det at det er trong for revisjon av eksisterande rammer og retningslinjer for Vindafjord si koordinerande eining og at funksjonen må sjåast i samanheng med inntaksfunksjonen i omsorgstenesta. Ein forvaltningsrevisjon kan derfor vere formålstenleg i den samanheng.

Frå heimesida til kommunen går det fram at:

"alle som har behov for langvarige og koordinerte helse- og/eller sosiale tenester, har rett til å få utarbeidd ein individuell plan. Denne planen vert ofte kalla ein IP. Retten er uavhengig av diagnose og alder og gjeld sjølv om du bare mottar tenester frå eit forvaltningsnivå, til dømes kommunen. Du treng ikkje motta tenester frå spesialisthelsetenesta for å ha rett til å få utarbeida ein individuell plan.

Vindafjord kommune har vedteke eit gjennomgåande system for IP. Frå informasjon og søknad, til vedtak og igangsetjing av planarbeidet. Det er Lov om kommunale helse- og omsorgstenester som regulerer retten til IP, men ein slik plan skal likevel omfatta alle aktuelle tenester."

Slik KPMG oppfattar kommunen sitt arbeid med samordning av tenester, så har dei ein god del rutinar og prosedyrar på plass som skal sikre at kommunen oppfyller mange av dei krav som dei er pålagt. I revisjonen vil vi fylgjeleg vurdere om kommunen oppfyller egne mål og rutinar - og ikkje berre overordna lovkrav.

2 Føremål, problemstillingar og kriteria

2.1 Føremål og avgrensingar

Forvaltningsrevisjonen gjeld kommunen sin prosess knytt til tildeling av tenester til eldre brukarar i kommunen med samansette behov og oppfølging undervegs.

Føremålet er å vurdere korleis kommunen sikrar at brukarar med behov for samansette helse- og sosiale tenester får eit heilskapleg, tverrfagleg og føreseieleg tenestetilbod – og om tilbodet er i tråd med lovkrav. Det vil vere aktuelt å undersøke korleis praksisen er i kommunen knytt til ansvarsdeling og søknadshandsaming, og vidare korleis dei involverte partane organiserar og dokumenterar arbeidet sitt undervegs. Avslutningsvis vil vi sjå på internkontrollen – det vil sei korleis kommunen sikrar at kvaliteten på arbeidet som blir gjort er tilfredsstillande.

Dersom revisjonen avdekkjer forbedringspunkt vil vi kome med tilrådingar i slutten av rapporten.

2.2 Problemstillingar

1. I kva grad sikrar kommunen at eldre brukarar med behov for samansette helse og sosial tenester får eit dekkande og tilfredsstillande tenestetilbod?
2. I kva grad sikrar kommunen at tilbodet som blir gitt er i tråd med lovkrav og interne rutinar (jf. internkontroll)?

Under problemstillingane vil vi mellom anna vurdere og svare på fylgjande:

- I kva grad mottar pasientar og brukarar med samansette behov det tilbodet dei har krav på?
- Korleis sikrar kommunen at brukarar får tilstrekkeleg med informasjon om tilbod og kva den enkelte har rett på?
- Kva rutinar har kommunen knytt til sakshandsaming og oppfylging av pasientar med samansette behov? Og vert rutinar fylgt?
- Har tenestetilbodet tilstrekkeleg kvalitet og er det godt koordinert?

2.3 Revisjonskriteria

Til problemstillingane vert det oppstilt revisjonskriteria. Revisjonskriteria er dei krav eller normer som tilstand og/eller praksis i kommune vert målt mot. Revisjonskriteria må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen.

Ved val av revisjonskriteria vert det tatt utgangspunkt i oppstilte problemstillingar.

Aktuelle kjelder til å utleie revisjonskriteria vil kunne vere:

- Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator
 - Formålet med denne forskrifta er å sikre at personar som har behov for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering og rehabilitering, får tilbod om tenester som kan bidra til stimulering av egen læring, motivasjon, økt funksjons- og meistringsevne, likeverd og deltaking. Formålet er og å styrke samhandlinga mellom tenesteytar og brukar (eventuelt pårørande), og mellom tenesteytarar og etatar innan eit forvaltningsnivå eller på tvers av forvaltningsnivåa.
- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (kap. 7)
 - I kapittel 7 går det fram at kommunar skal utarbeide ein individuell plan for pasientar og brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester. Dersom ein pasient/ brukar har behov for tilbod etter Helse- og omsorgstjenesteloven, spesialisthelsetjenesteloven eller psykisk helsevern så skal kommunen sørge for at dei blir utarbeida ein individuell plan, og at planarbeidet blir koordinert.
 - Kommunen skal og ha ein koordinerande eining for habilitering og rehabiliteringsverksemd samt tilby koordinator til pasientar/brukarar med behov for langvarig og koordinerte tenester.
- Forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten
 - I denne forskrifta betyr internkontroll systematiske tiltak som sikrar at verksemda sine aktivitetar vert planlagt, utført og halde vedlike i samsvar med krav fastsett i eller i medhald av sosial- og helselovgivinga.
- Kommunen sine eigne mål, rutinar og planar.
 - Kommunen har dokument som omhandlar retningslinjer, prosedyrar og informasjon som er knytt til samordning av tenester. Delar av dokumentasjonen er under revisjon, men sidan arbeidet ikkje er avslutta brukar vi det som endå er gjeldande.
- Andre dokument som blir innhenta i arbeidet med forvaltningsrevisjon, som til dømes politiske vedtak.

3 Tilnærming

3.1 Metode

I fyrste omgang vil vi samle inn det kommunen har av dokumentasjon som er relevant i høve til teamet i denne forvaltningsrevisjonen. Dokumentasjon vil bli nøye gjennomgått og analysert.

Det kan og bli aktuelt for KPMG å nytte eit utval enkeltsaker og/ eller søknader i arbeidet med å kartlegge korleis arbeidet blir koordinert i kommunen - og for å undersøke om kommunen oppfyller lovpålagte krav.

Det vil og bli gjennomført intervju med tilsette i kommunen som har vore involvert i arbeidet med å tilpasse tilbodet til brukarar med samansette behov. Det kan til dømes vere einings- og avdelingsleiarar innanfor områda helse, omsorg, trygd og sosiale tenester, ev brukarrepresentantar, sakshandsamarar, tilsette ved koordinerande eining, kommunalsjef og rådmann.

Ved gjennomføring av intervju vil det bli utarbeida intervjuguidar. Frå kvart intervju vil det bli skrive referat som vert sendt respondenten(e) til verifisering (gjennomlesing og eventuell korrigerings). Svar frå respondentar vil bli analysert og samanstillt med øvrig dokumentasjonen. Våre funn vil deretter bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan. KPMG ber om at vår aktivitets- og framdriftsplan vert unnateke offentlegheit, då den syner KPMG si disponering av ressursar.

4 Utførande revisorar

4.1.1 Team KPMG

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av:

Partner Roald Stakland

Prosjektleder Manager Unni Sørensen

Prosjektdeltakarar (kjerneteam)

- Manager Kari Hesjedal
- Senior Associate Ingvill Strand

5 Honorar

Pris iht. avtale

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	19.02.14	05/14
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	217	

OPPFØLGING AV RAPPORT FRÅ FORVALTNINGSREVISJON – ØYANE ASVO AS

Vedlegg: utskrift frå styrehandsaming i Øyane ASVO, sak 56/13

Bakgrunn:

Rapport frå forvaltningsrevisjon av Øyane ASVO AS blei handsama av kontrollutvalet på møte 15.05.13. Kommunestyret handsama rapporten den 10.06.13 og gjorde følgjande vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

Vindafford kommunestyre har merka seg det som kjem fram i forvaltningsrevisjon-srapporten om Øyane Asvo AS og vil be styre for selskapet arbeide vidare med revisor sine tilrådingar til betring av styring og drift av selskapet.

Generalforsamlinga blir bedd om å gje kontrollutvalet ein rapport om status for arbeidet innan 31.12.13.

I rapporten kom revisjonen med følgjande tilrådingar:

Under problemstilling 1 og 2 har revisjonen peika på desse hovudpunkta:

- *Investering i nytt bygg og nye fasilitetar. Det blir peika på manglande avgjerdsgrunnlag og manglande styring.*
- *Økonomi/daglig drift. Det blir peika på fleira manglar, til dømes manglande kostnadsfokus, dårlig nytta maskin og bilpark, manglande oversikt og administrative rutinar, samt manglande informasjon til styre.*
- *Sårbarheit overfor konjunktursvingingar. Det blir peika på få og store kundar, og eit urealistisk prognosearbeid.*

Under problemstilling 3 og 4 har revisjonen peika på desse hovudpunkta:

- *Eigarstyring. Det blir peika på at aksjeloven har i hovudsak blitt følgt. Det har vore lite fokus på eigenkapitalen. Hovudaksjonær burde vore ein meir aktiv eigar.*
- *Selskapsstyring. Det blir peika på at styret har i periodar ikkje følgt opp sitt ansvar. Avgjerdsgrunnlaget for investeringane i 2009 var mangelfulle. Etter 2011 har dette fungert noko betre.*
- *Administrativ styring. Det blir peika på at styringa av selskapet fram til 2011 ikkje var fullt ut i tråd med aksjeloven. Frå hausten 2011 har ein ryddeprosess betra situasjonen.*

Under problemstilling 5 har revisjonen peika på desse hovudpunkta:

- *Pågåande oppryddingsprosess. Mange konkrete tiltak har blitt gjort. Særskilt tiltak for å styrke styringa og redusere kostnader.*
- *Rekneskapen viser framleis ein pressa situasjon. Kostnader og kortsiktig gjeld er betydeleg redusert.*
- *Revisjonen tilrår ein grundig økonomisk analyse av selskapet.*

Saksorientering:

Sekretariatet fekk i e-post 31.01.14 vedlagte utskrift i sak 56/13 frå handsaming av rapporten i styret til Øyane ASVO. I vedtaka heiter det:

1. *Styret er kjend med at administrasjonen har gjennomgått kontraktar og rutinar med tanke på å driva meir kostnadseffektivt. Dette gjeld både inntekts- og utgiftssida. Styret har fokus på å skaffa meir stabile inntekter.*
2. *Styret og dagleg leiar meiner at det ikkje er behov for vidare eksterne analysar. Ein meiner å ha rimeleg god oversikt over kor skoen trykkjer. Dersom eigarane likevel ønskjer ein slik analyse, har ikkje styret noko mot det. I tillegg til å styrkja drifta resultatmessig, vil styret leggja opp til dialog med banken og eigarane med tanke på å få ned kapitalkostnadene og eventuelt få styrkja eigenkapitalen.*
3. *Styret har sjølv utarbeidd styreinstruks.*
4. *Styret er instilt på at det må arbeidast vidare med dei tiltaka som er nemnde i dette punktet. Når det gjeld instruks for dagleg leiar er den utarbeidd og sett i kraft.*


I styrepapira går det fram at gjennomgangen av rapporten har tilført styret og daglig leiar kunnskap om ein del feil som tidligare var gjort, og at dei er innstilte på å ta lærdom av dette. Styret har vurdert tilrådingane og sekretariatet viser til vedtaket ovanfor.

Utvalet må ta stilling til om ein meiner seg nøgd med styret si tilbakemelding eller om ein vil be selskapet om ytterligare informasjon/tilbakemelding.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Vindafjord kommunestyre tar tilbakemeldinga frå Øyane ASVO AS når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport til orientering.

Aksdal, 10.02.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

Øyane Asvo A/S

Sak 56/13 Forvaltningsrevisjonsrapport

Kva-saka-gjeld

Etter oppdrag frå eigarkommunane Vindafjord og Etne har KPMG føreteke selskapskontroll for tida 2009 – 2011 i Øyane Asvo A/S og utarbeidd rapport etter gjennomgangen. Gjennomgangen viser at styret og dagleg leiar ikkje gjorde god nok jobb i samband med flyttinga frå Engeleiren til Tongane. Dette gjeld også i noko grad eigarane. Selskapet gjorde store investeringar og sette seg i stor gjeld utan strategiske vurderingar før investeringa og nødvendige tydelege styrevedtak. Eigenkapitalen vart heller ikkje auka i samband med dette.

Styret og leiinga si behandling av rapporten så langt

Styret har fleire gonger drøfta rapporten, m.a. under styresamling 211113, og det er gjennomført nokre konkrete tiltak. Det er utarbeidd og vedteke styreinstruks og instruks for dagleg leiar.

Gjennomgangen av rapporten har tilført styret og dagleg leiar kunnskap om ein del feil som tidlegare er gjort, og er instilte på å ta lærdom av dette.

Styret er nå mest oppteken av det som er sagt i rapporten om den vidare drifta.

Det vert der peika på desse tinga som er blitt betre i slutten av perioden som er gjennomgått:

- Det er skaffa oversikt
- Eksterne avtalar er gjennomgått
- Tett, open og strukturert dialog mellom selskap og eigarar
- Styre og dagleg leiar med relevant kompetanse
- 50/50 eigarskap Etne/Vindafjord
- Meir dokumentasjon på strategiske vurderingar. Meir formelle og informative styreprotokollar

KPMG har gitt nokre konkrete tilrådingar om kva som bør gjerast vidare.

Tilrådingane vert viste i pkt. 1 – 4 . Etter kvart punkt viser styret sitt vedtak/uttale i *kursiv*:

1. Selskapet må anten ha ein markant auke i inntektene som er stabil over tid, eller redusere kostnadene endå meir, då investeringa på kr. 25. mill i 2009 vart gjort på grunnlag av ein eigenkapital på 10%.

Vedtak: Styret er kjend med at administrasjonen har gjennomgått kontraktar og rutinar med tanke på å driva meir kostnadseffektivt. Dette gjeld både inntekts- og utgiftssida. Styret har fokus på å skaffa meir stabile inntekter.

2. Eigarane bør vera pådrivarar for å få gjennomført analysar av den økonomiske situasjonen som grunnlag for ein strategi for det vidare arbeidet i selskapet. Viktig å få analysert eigenkapitalbehov. Dersom det ikkje er realistisk å oppnå ei balansert drift med utgangspunkt i kostnadsreduserande tiltak og nøkterne prognosar for inntektssida, må ytterlegare tiltak på likviditetssida vurderast. (omstrukturering av lån og fordringar og styrking av eigenkapital.

Vedtak: Styret og dagleg leiar meiner at det ikkje er behov for vidare eksterne analysar. Ein meiner å ha rimeleg god oversikt over kor skoen trykkjer. Dersom

eigarane likevel ønskjer ein slik analyse, har ikkje styret noko mot det. ~~Pålegg~~ ^{Pålegg} til å styrkja drifta resultatmessig, vil styret leggja opp til dialog med banken og eigarane med tanke på å få ned kapitalkostnadene og få styrkja egenkapitalen.

ØYANE ASVO AS

3. Fastsetje instruks for styret sitt arbeid, og at styret skal gjere greie for selskapety si styring og leiing i ein årsrapport.

Vedtak: Styret har sjølv utarbeidd styreinstruks.

4. Tiltak for å redusera risikoen

- Breiare kundegrunnlag
- Arbeida for å inkludera risikodeling – ansvar for svinn
- Arbeida for å vidareutvikla avtalar og kunderelasjonar som gir så forutsigbare føresetnader for selskapet som råd er
- Styrka arbeidet med prognosar og produksjonsplanlegging
- Dagleg drift bør vera gjenstand for sterkare grad av formell kontroll frå styret – instruks for dagleg leiar

Vedtak: Styret er instilt på at det må arbeidast vidare med dei tiltaka som er nemnde i dette punktet. Når det gjeld instruks for dagleg leiar, er den utarbeidd og sett i kraft.